

Helg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 2 · Haust og jol 2020
91. årgang



Sondre Barstad Haugan sin dåp i Flatdal kyrkje.

Helg og Høgtid

#2 · 2020

Redaksjon

917 23 967 | post@seljordkyrkje.no

Bankgiro: 2711.20.31826

Opningstider

Tys/ons/tor 09-13. Elles treffetid etter avtale. Kontoret kan vera ubemanna på grunn av oppdrag ute.

Kyrkjekontoret

Dag Harald Undheim, Sokneprest
907 78 921 | dag.harald@seljordkyrkje.no

Petter Jakobsen, Ungdomsprest
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Jon Svartdal, Kyrkjeverje
917 23 967 | jon@seljordkyrkje.no

Natalia Furmankova, Kantor
451 96 255 | natalia.furm@gmail.com

Torill Solli Haugen, Diakon
458 05 585 | torill@seljordkyrkje.no

Kyrkjetenarar

Ivar Øygarden
907 84 971 | ivar@seljordkyrkje.no

Eilev Eiesland Bjørge
975 45 943 | eilev@seljordkyrkje.no

Seljord sokneråd

Bergrid Lisleåsheim Telnes | 906 91 674
bergit.telnes@seljord.kommune.no

Heimeside

www.seljordkyrkje.no

«Du har det evige livs ord»

Kva er det som gjer kristendommen så spesiell? Er ikkje mange av dei andre religionane like bra? Kvifor nettopp Jesus? Desse og liknande spørsmål kan ein møte både hos unge og eldre.

Vår del av verda har dei siste tiåra vore sterkt prega av mangfald. Pluralismen er vårt livselement. Livssyn og ideologiar lever side om side. Dei blir tilbydd oss lik varene på ein stor supermarknad.

I ein av tekstane som møter oss denne hausten, Johannes 6,66 – 69, er bakgrunnen den at Jesus har talt ord som mange tok anstøyt av. Apostelen Johannes fortel at mange av Jesu lærersveinar reagerte så sterkt at dei drog seg unna og gjekk ikkje lenger ikring med Jesus.

Då spør Jesus dei tolv: «Vil de òg gå bort?» Simon Peter svara: «Herre, kven

MIN SALONG
Damefrisør
Seljord tlf 35 05 02 96

T.TVEITAN %

Brøløsvegen, 3840 Seljord
Telefon: 35 05 04 86 – Telefaks: 35 05 04 90

Din møbelbutikk
BøSenteret as

Møbel og teppeforretning
Postboks 44, 3835 Seljord, Tlf. 35 06 53 33

skulle vi gå til? Du har det evige livs ord, og vi trur og veit at du er Guds heilage.» «Det evige livs ord.» Det tyder ordet om det evige liv og ordet som kan gi oss del i det evige liv. Kan vi finne dette ordet i andre religionar og livssyn? Eg trur ikkje det. Berre Jesus Kristus kan gi livet den meinинг og det innhald som Gud Skaparen hadde tenkt. Berre Jesus Kristus kan tilgi oss syndene og gi oss håp om framtid og evig liv.

Eg trur han hadde rett han som sa det slik: «Verda har mange religionar, men berre eitt evangelium.» Ja, verda har mange religiøse guruar, men berre ein Frelsar. Det var han Peter peika på og sa: «Du har det evige livs ord..»

Denne hausten markerer vi i Den Norske Kyrkja at det er 150 år sidan den fyrste norske salmeboka blei tatt i bruk i kyrkja

vår. «Landstads Kirkesalmebog.» Som vi forstår av namnet spela Kviteseid og Seljord sin tidlegare sokneprest ei sentral rolle i arbeidet med denne boka.

Ei av Landstads eigne salmar, som vi også finn i «Norsk Salmebok 2013», begynner slik:

*«Ser jeg meg i verden om,
tenker på de svunne dager,
hva som gikk og hva som kom,
og hva ennu er tilbake –
nei, for all den ting jeg visste,
kan jeg aldri Jesus miste.»*

Dette sterke og klare vitnesbyrdet vil eg gjerne gi vidare.

Kjell Johan Nenseter



**Morgedal
Rør as**

post@morgedalror.no – 35 06 44 55 | Postboks 114, 3835 Seljord



BYGGMAKKER
Seljord Elektriske
Telefon 35 06 50 00

Nytt frå soknerådet

I denne spalta vil me frå soknerådet skrive litt om det arbeidet me gjer, og kva planar me har for kyrkjelege aktivitetar i kommunen vår.

Me er no langt inne i det fyrste året av funksjonstida vår. Det var med spenning me tok fatt på arbeidet; tre sokneråd blei til eitt, og jammen fekk me fellesrådsoppgåver med på kjøpet.

Som om ikkje det var nok, kom koronaepidemien og lamma all aktivitet frå midten av mars. For oss i rådet førte det til at me i alle fall fekk ein pause i møteaktiviteten, men me fekk snart nye utfordringar; sidan me ikkje kunne møtast fysisk, måtte me over på digitale løysingar.

Det var veldig rart at alle kyrkjene var stengt i påska. Fleire av oss merka eit saksn etter å kunna møtast i kyrkja for å fylgle Jesu lidingssoge og oppstode frå dag til dag gjennom påskeveka.

Det neste som vart avlyst var konfirmasjonane, og 17.mai-feiring. Det var det nok svært mange seljordingar som merka. Eg synes me fekk til ei bra alternativ 17.mai-feiring der me gjorde opptak borte ved kyrkja. 150-års-jubileet for Landstads salmebok vart markert både i ordføraren sin tale, og ved at eg la ned krans ved Landstadmonumentet. Når det gjeld konfirmasjonane så blei

dei utsett til denne hausten, så når de les dette har alle 2020-konfirmantane «stått for presten».

Det var ei stor glede då me kunne opne kyrkjene att i slutten av mai. I starten måtte folk sitja med 2 meters mellomrom, og me fekk ikkje bruke galleriet. Kyrkjekaffi fekk me heller ikkje ha. Sidan det ikkje har vore nokon smittetilfelle i vår kommune, kan me no sitja med ein meters mellomrom i kyrkjene. Det er også lov å ha enkel kyrkjekaffi og galleria kan brukast.

I sommar har me hatt fjellmesse på Kjos. Der kom det rundt 130 personar til ei fin samling på den gamle fjellgarden. Etter messa var det kulturprogram ved Lars Erik Øygarden frå Rauland. Han fortalte om Jon Kjos og spela slåttar etter han og andre frå same tida. Eg trur kombinasjonen mellom gudsteneste og kulturprogram er ei form for samvær som folk likar, så det vil me satse meir på.



Organisten vår gjennom nesten 22 år, Keith Griggs gjekk av med pensjon. Me hadde ei fin avskjedsgudsteneste for han i Flatdal kyrkje 9.august. Gunn Steinstad spelte trumpet og Keith hadde vald ut alle salmane. Kyrkja var så full som ho kunne vera på grunn av koronarestriksjoner og songen klang flott saman med det beste orgelet i kommunen. Etter messa var det middag på Nutheim. På grunn av koronaepidemien kunne me ikkje gjera dette til eit ope arrangement.

To veker etter dette tok me imot vår nye kantor: Natalia Furmankova på den tradisjonelle messa med grautfest i Manndal kapell. Natalia er tilsett som organist i 70% stilling og trusopplærar i 30%. Me ynskjer henne hjarteleg velkommen og ser fram til samarbeidet!

Seinare denne hausten kjem biskop Stein Reinertsen på visitas. Det er i tida 17.-22. november. Det er over ti år sidan Seljord sist hadde visitas, og me ser fram til dette med spaning og forventning. Det blir lagt opp eit omfattande program slik at biskopen får møtt flest mogeleg representantar for ulike grupper både når det gjeld alder, bustad i kommunen og arbeidsliv. Men også her ligg koronaspøkeriet og lurar. Me kan ikkje fylle opp kyrkjer og forsamlingshus, men må ta omsyn til ein-meters-regelen, og me må vera førebudde på at alt kan bli avlyst dersom det blir smitteoppblomstring. Slik har no livet blitt i 2020, og frå kyrkja si side støttar me opp om dugnaden.

Me vonar å sjå mange av dykk i kyrkjer og bedehus utover hausten!

Berit Telnes, leiar i soknerådet.



BABYSANG – Haust 2020

Velkommen til babysang på Misjonshuset i Seljord (like ved ungdomsskulen). Her får du og barnet ditt anledning til å slappe av og kose dykk saman. Me vil synge, le, prate og ete. (Mat blir servert)
Tid: 11.30

Datoane er:

14. oktober

11. november

09. desember

20. januar



Takk skal du ha Keith!

Vår organist sidan 21.12.1998, Keith Robert Griggs, pensjonerte seg frå 15.08.2020. Han kom hit frå ein jobb i «St Paul's Within the Walls» i Roma. Han hadde vokse opp i Leatherhead utanfor London, og hadde arbeidd som organist, musikkclærar og dirigent i London, New York, Paris og i Roma. Ein verdsman hadde sett seg på orgelkrakkane i Seljord, Flatdal og Åmotsdal. Han hadde solid utdanning som kantor, og tilførte bygdene våre eit musikalsk lyft. Vi hadde i lengre tid hatt vikarar til å spela i kyrkjene våre, og hadde annonsert etter fast organist lenge. No meiner sjølvsagt vi som bur i Seljord kommune at vi bur på ein sentral plass, ein unik plass med Dyrsku'n og rike musikalske og kulturelle tradisjonar. Men korleis kunne ein slik kapasitet finne fram hit til styringstre og rydningsrøysar? Heilt tilfeldig såg Keith ein annonse i engelske Church Times, «May be go to Norway», tenkte han. Han var 46 år og i Roma fekk han løna kontant i handa. Kva med pensjon om ein tjue års tid? Det fekk han ikkje opptent i Roma. Noreg hadde passert EU i samfunnsstandard, og det fanst folk som snakka engelsk her. Keith har mange vener som bur rundt

om i verda, og når han besøker dei nyttar han høvet til å halde konserter der, enten det er i Mexico, USA eller Italia. Då er det den kjende organisten i Seljord som er på ein liten tur. Her er svært mange som er svært glade for at vi har hatt Keith som profesjonell musikar her i over 21 år. Keith har saman med prestane sytt for regien i gudstenester og andre kyrkjeleg handlingar, han har alltid vore presis når han får arrangementa til å flyte. Og med tonane bar han fram teksten i salmane. Han har gjort gudstenester for oss i over 21 år. Det har vore ei glede å ha han i arbeid for Seljord kyrkjelege fellesråd som gjekk over til å bli Seljord sokn frå siste årsskiftet. Takk skal du ha Keith!

J.S.



Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43

**BYGGMESTER
T.A. GUSTAVSEN AS**



TLF. 975 17 817 
byggmester@live.no

Velkommen Natalia!

Då vi lyste ut stillinga som organist etter at Keith pensjonerte seg fekk vi ti søkerar. Det var svært gledeleg, og mest gledeleg var at den beste søkeren tok imot stillinga. Natalia Furmankova er den nye organisten vår, vår kantor, ho starta 17.08.2020, og hadde fyrste gudstenes-ta på grautfesten i Manndal kapell 23. august. Stillinga var lyst ut som organist i 70% stilling med høve til å supplere med 30% som trusopplærar for å få full stilling. Det var midt i blinken for Natalia som hadde jobba på tilsvarande måte i Storfjord i Nord-Troms, der ho hadde

jobba dei ti siste åra. Natalia er frå kultur-metropolen St. Petersburg i Russland, og kjem frå ein sterkt kunstnarisk familie, og er utdanna kantor og vel så det. Ho er også utdanna pianist og musikkpedagog, og har ein imponerande cv frå Russland, med jobbar som stiller høge krav til kom-petanse. Og ho kan verkeleg spela! Ho er ein virtuos på orgel og piano, og ho er blid og positiv, og vi er svært glade for at vi har fått ho som arbeidstakar og medar-beidar for kyrkjelydane i Seljord, Flatdal og Åmotdal. Velkommen Natalia!
J.S.



granvin kulturhus
seljord

*Vi tek gjerne imot minnesamvære,
kurs, konferansar og selskap.*

*Alle arrangement blir gjennomført
etter gjeldande smittevernreglar.*

*Kjøp billettar på www.granvinkulturhus.no
på grunn av smittevern.*

Granvin Kulturhus AS
Nyveg 16 3840 Seljord

Telefon: 35 06 59 80
Epost: post@granvinkulturhus.no
www.granvinkulturhus.no

Aut. Installatør

Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80
www.dyrud.no post@dyrud.no

Når du trenger elektriker




Samtalegudsteneste og konfirmantfest

For første gong i historia vart husdyr og utstillarar bytt ut med ungdom og konfirmantfamiliar i det som blei ei gudstenesteoppleving litt utanom det vanlege.

Årets overhøyringsgudsteneste fikk ei noko forenkla og annleis utgåve dette året som følgje av koronautbrotet.

I Husdyrhallen på Dyrskuplassen vart lokalet rigga om til gudstenesterom med altarlys, duk og lysglobe. Med fokus på smittevern vart familiene sett på eigne bord med trygg avstand. Kyrkjetenar, Eilev, nytta matklokka som kyrkjeklokke, eit gammalt dansegolv vart til scene og organisten fikk innvia sitt splitter nye el-piano. Men, trass andre forhold, mangla det likevel ikkje på ungdommane sin medverknad.

Temaet for gudstenesta var «Spor av Gud». Konfirmantane presenterte ein flott bildeserie med bilet og tekst der dei delte ulike vitnesbyrd om Gud frå nærområdet. Vidare tok ungdommane del i ei bønemarkering der dei nemde medkonfirmantar ved namn og tente eit lys



Soknerådet og andre frivillige gjorde ein fantastisk jobb med å rigge Husdyrhallen til konfirmantfest.

for kvarandre. Dagens preike handla òg om Gud i liva våre og korleis me forvaltar evangeliet i kvardagen.

Etter gudstenesta var det klart for fest og matservering. Soknerådet sytte for både lapskaus, brus, marsipankake, sjokoladekake og kaffi. Etter pauza kunne ungdomspresten presentere den tradisjonelle quizen mellom konfirmantar og foreldre, som i mange år har vore fast innslag på konfirmantfestane. Denne gongen med ein ganske klår siger for foreldrelaget.


Mot slutten av arrangementet tok soknerådsleiar, Bergit Telnes, ordet og retta ein takk til arrangørane av messa. Ungdomsleiarane Heidi Grue Holth og Arvid Tommy Müller vart begge to teke opp på scena og takka med ein rosebukett kvar for hjelp med servering og teknisk bistand. Roser fekk òg ungdomsprest Petter og ungdomsarbeidar og konfirmantan-svarleg Ragnar Nørstrud.

R.N.



Ungdomsarbeidar Ragnar Nørstrud hadde preika for dagen på samtalegudstenesta.

Konfirmantar 2020



Konfirmantar i Seljord kyrkje 19. og 20. september 2020

Bak, f.v.: Erlend Fæhn Ellingsen, Kjell Arne Verpe, Even Tjæreberget.

Midten, f.v.: Anders Kyrkjærud Vaa, Georg Dublin Christiansen Smith, Kristine Gravalid Johansen, Anne Øygarden Haugland, Kristine Haugerud Øverland, Silje Vala-Aakre, Casper Sjerve Evensen.

Framme f.v.: ungdomsprest Petter Jakobsen, Leo Nordal, Tonje Tjæreberget, Mia Lie Kasin, Thea Lia-Moen, ungdomsarbeidare/konfirmantansvarleg Ragnar Nørstrud.



Konfirmantar i Flatdal kyrkje

27. september 2020

F.v.: ungdomsarbeidare/konfirmantansvarleg Ragnar Nørstrud, Bård Valhovd, Vegard Haugestul Ekre, Viljar Våge Lia, ungdomsprest Petter Jakobsen.



Konfirmantar i Åmotsdal kyrkje

27. september 2020

F.v.: ungdomsarbeidare/konfirmantansvarleg Ragnar Nørstrud, Håvard Skori, Savannah Hope Rinde, Erlend Valhovd, ungdomsprest Petter Jakobsen.

Nye lokalar for Ønsket og Elsket

I sentrum av Seljord byggjast det i desse dagar eit nytt kompetansesenter for kyrkjeleg ungdomsarbeid.

Mange har sett at det er oppussing på gang i dei gamle lokala til Leikekroken i Seljord. Ny profilering av fasaden er på plass, og innvendig gjerast det mykje arbeid. Lokala skal romme aktivitet for ungdom, og ungdomsarbeidet Ønsket og Elsket kjem til å ha hovudkontor der med lager, kontor og eit stort fellesareal til møte- og kursverksemd, undervisning og ungdomssamlingar. Det skal også setjast inn ei ny trapp mellom kjellaren og kyrkjekontoret i etasjen over, slik at det heile blir bunde saman og blir eit kyrkjeleg fleirbrukslokale.



Som mange har fått med seg, skjer det ting i lokala til gamle Leikekroken i Skoribygget. Etter at profilering av fasaden kom på plass er det ikkje mykje tvil om kven som skal fylle lokala.

Det er også eit mål at delar av lokala blir utforma slik at det kan nyttast som ein sosial møteplass for ungdom, med sofaer, storskjerm, kafé osb. Vi har fått noko midlar fra Sparebankstiftinga Seljord til dette føremålet, og vil nytte dei så langt det rekk, men vi kjem nok ikkje heilt i mål og håpar også å finne andre støttespelarar som kan vere med å bidra økonomisk til å få utvikla lokala til å bli ein møtestad for ungdom.

Onsdag 18. november skal kompetanse-senteret opnast høgtideleg, med biskopen til stades.

Petter J.



Det er fortsatt mykje som skal gjerast innvendig, men alt skal bli klart til åpninga med biskopen, 18. november

 **Flatdal Handlaft as**
Telemark
3841 Flatdal
Tlf 350 57005 Mob 971 53661
www.flatdalhandlaft.no


Circle K

Varm mat • Bilvask • Tipping
Dekkverksted • Gass
Tlf. 35 05 04 88
Brøløsvegen 29, 3840 Seljord

Prostimøte i Seljord

I samband med den spesielle situasjonen som har vore i kyrkjelydane siste halvåret, ønskte biskopen og stiftsdirektøren å møte alle soknerådsleiarar, sokneprestar og kyrkjeverjar i Øvre Telemark prosti til ei drøfting av situasjonen.

Møtet fann stad 3. september på Misjonshuset i Seljord. Det vil seie, det måtte av smitteverngrunnar gjennomførast to like møte etter kvarandre, for at alle skulle få plass på ein forsvarleg måte. I samtalet mellom biskopen, stiftsdirektøren og dei lokale kyrkjefolka kom det fram at det

meste ser ut til å ha fungert etter tilhøva bra. Det meste av kyrkjelege aktivitetar er oppe og går att etter nedstenginga, og folk er flinke til å rette seg etter smittevernrutinane som er innførte. Det som nok kjennest vanskelegast er det å ikkje kunne nevast i gravferd, og det å måtte operere med deltarlistar i desse situasjonane. Men folk ser ut til å ha forståing for situasjonen, og både tilsette og frivillige har gjort ein veldig innsats for å få ting til å gli.

Asgeir Sele

Heilage rom - opne kyrkjer på torsdagar

Frå tid til annan kan det gjere godt å kome litt avsides, til dømes inn i eit heilagt rom. Tenne eit ljós, be ei bøn, sitja i stilla eller kan hende prate lågmælt med ein annan i kyrkja. Difor vert kyrkjene i Seljord sokn opne fylgjande torsdagar kl. 16-18 i haust:

Seljord kyrkje:

Fyrste torsdagen i kvar månad; 01. oktober, 05.november og 03.desember.

Flatdal kyrkje:

Andre torsdagen i kvar månad; 08. oktober, 12. november og 10. desember.

Åmotsdal kyrkje:

Tredje torsdagen i kvar månad; 15. oktober, 19. november og 17.desember.

Soknediakonen vil vera til stades.

Torill S.H.



Heidi Grue Holt preikar på konfirmasjonsguds-tenetene i Flatdal og Åmotsdal 27.09.2020.

Arrangement på Granvin hausten 2020

Granvin kulturhus tek smittevern på største alvor. Det er derfor begrensa plassar på våre arrangement. Det er lurt å vere raskt ute med å kjøpe billett. Gå inn på heimesida vår www.granvinkulturhus.no. På Granvin er det kino annankvar sundag, sjekk heimesida for filmar.

16. oktober: Bienes historie

Musikal etter Maja Lundes roman – direktestrøyming frå Det Norske Teatret – føremiddagsmatiné. Før framsyninga blir det sendt opptak av samtale med forfattaren.

16. oktober: Musikkbingo med Cecilie.

Temaet er "Låtar du har hørt på radioen", det blir musikk frå forskjellige sjangrar og fleire 10år, så her er det noko for alle!

06. november: Kulturskulen – familiekonsert

Konsert med barnekoret, Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jacobsen. Solistar, musikarar og historiar.

Jubileumsveke! «Nye» Granvin kulturhus er 25 år i 2020. I veke 47 blir det arrangement kvar dag, så langt er dette klart:

Tysdag 17. november:

- Kulturveld med **Bispevisitas**
- Forfattarmøte:

Nina Grünfeld fortel om farmor si, Frida, som blei født i 1908 i Østerrike-Ungarn. Ho var av jødisk opphav og levde eit stormfylt og turbulent liv som prostituet i Sentral-Europa i mellomkrigstida. Foredraget bygger på boka «Frida: min ukjente farmors krig» som kom ut tidlegare i år.

Onsdag 18. november:

- **Alt som eingong va': Burns på dialekt.**

Konsert med **Aasmund Nordstoga** og **Ingebjørg Lognvik Reinholdt. Peter**

Fjågesund har omsett tekstar av den skotske folkediktaren Robert Burns til dialekt, men originalmelodiane frå den skotske song-tradisjonen er uendra.

Torsdag 19. november:

- **Forfattarmøte med Lars Mytting.**

I 2019 var den historiske romanen «Søster-

klokkene» av Mytting den meste utlånede vaksenboka på biblioteket i Seljord. I haust er oppfylgjaren «Hekneveven» klar! Møt forfattaren i samtale med Ingeborg Nenseter Jensen.

- Folkemusikkonsert med **Ottar Kåsa** og **Ånon Egeland**

Laurdag 21.november:

- Biblioteket er ope kl 12.00 – 17.00
 - Håndballkamp
 - Konsert med **Gunn Steinstad** og resten av **Telemark messingkvintett + Anne Gravir Klykken**, vokal
 - «**Dukketeateret**» syner «**Sirkus Buster**»
- I førestillinga møter vi den gamle klovnun som fortel om den gongen dei skulle starte Sirkus. Framsyninga varar ca. 30 minuttar og passar best for ungars mellom tre og ti år.

23. november: Teater Ibsen: Og hjertet er en kommunefarga regnboge.

Musikalsk forestilling. På scena finn du ein av våre aller fremste scenekunstnarar i Anne Marit Jacobsen! Saman med henne vil Hallvard Holmen og Mathilde Skarpsno fremføre Fredrik Høyers tekster.

28. november: Ballongferda 1870–2020

Arrangement i samband med 150-årsmerkinga. På programmet står mellom anna pilotprosjektet Rosepainting - eit møte mellom fransk og norsk kultur, snakebitar på utstillinga Briste eller bera ("årets" sommarutstilling, flytt til 2021 på grunn av korona pandemien), oppvising av luftballongar frå Grenland flyklubb, foredrag ved Norsk Teknisk Museum om varmluftsballongar og offisielle helsingar. Ettermiddags-/kveldsprogram på Granvin og Kunslåven. Seljord Sogelag, Seljord turlag, Seljord kunstforening, Seljord kommune og franske aktørar samarbeider om gjennomføringa.

OBS!

Alle arrangement blir gjennomført etter gjeldande smittevernreglar. Endelege tidspunkt kjem etter kvart, og vi tek atterhald om at det kan bli programendringar. Alle arrangement vert annonserte.

Tusen takk for blomar, helsingar og omtanke ved Torstein J. Grovens bortgang.



Takk for gåva, kr 3 300 til Norsk Luftambulanse, og hjarteleg takk til alle heimesjukepleiarane og til tilsette på avdeling C på Nesbukti for godt stell, hjelp og omsorg.

Reidun m/familie

Bispevisitas i Seljord i november

Ei av biskopen si viktigaste oppgåver er å sjå til og oppmuntre kyrkjelydane i bispedømmet. Ikkje minst skjer dette gjennom bispevisitasane, som kjem om lag kvart 8. år. I år er det Seljord sin tur, og 17. - 22. november kjem biskop Stein Reinertsen til Seljord på visitas. Her skal han ha samtalar med soknerådet og dei tilsette i kyrkjelyden, han skal vitje sjukeheimar, barnehage og skular, ha arbeidslunsj med kom-muneleiinga og så skal han innom fleire av aktivitetane som kyrkjelyden driv for ulike aldersgrupper. Fem av arrangementa vert også opne for alle:

Tysdag 17/11 kl. 18.30:

Kulturveld i Granvin kulturhus. Dette er eit samar-beid med kulturhuset, som feriar 25-årsjubileum den veka.

Onsdag 18/11 kl. 08.00:

Morgonbønn i Mandal kapell

Torsdag 19/11 kl. 11.30:

Føremiddagstreff på Seljordshei

Torsdag 19/11 kl. 18.00:

«Jeg løfter opp til Gud min sang». Landstadkveld i Flatdal kyrkje.

Søndag 22/11 kl. 11.00

Visitasgudsteneste i Seljord kyrkje. Kyrkjekaffi på Misjonshuset.

Ein bispevisitas er ei viktig hending i ei bygd, så det er lurt å notere datoane allereie no. Etter visitasguds-tenesta på søndagen oppsummerer biskopen det han har sett og opplevd under visitasen i eit visitasføredrag.

Asgeir Sele



AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 ALT I BAKERVARER

Kulturkveld på Granvin - tysdag 17. november, kl 18.30-19.30

Biskop Stein Reinertsen kjem på visitas til Seljord i november. Me ynskjer å vise noko av det lokale kulturtrefter kan by på. Då me starta planlegginga av visitasen, viste det seg at dette fell saman med feiring av 25 års-jubileum for nye Granvin kulturhus.

Granvin vil ha arrangement kvar kveld denne veka, og me blei einige om å samarbeide for å vise noko av det Seljord kan by på når det gjeld kultur.

De blir invitert til å bli med på ei samling i Gamllesalen der me får høyre hardingfelespel både frå junior og senior, og kanskje blir det vist litt dans og. Song

av unge songarar blir det også. Og i tillegg vil både «gamal» og ny kantor spela firhendig på piano. Me kan også love humoristiske innslag som gjer at ein kan trekke linjer til tidlegare revy-innslag.

På grunn av korona, må det vera ein meter mellom stolane i Gamllesalen. Me kan difor ikkje love plass til fleire enn ca 50 personar. Så her gjeld også prinsippet om å koma tidleg for å få plass.

Me håpar at det ikkje blir oppblomstring av smitte, slik at dei planlagde arrangementa kan bli noko av.

BLT

Salmekveld i Flatdal kyrkje - torsdag 19. november, kl.18.00

Kyrkja i Seljord hadde planar for ei omfattande feiring av at Landstad si salmebok er 150 år i år. Dette er viktig å markere både fordi det var den første norske salmeboka, og fordi Landstad var prest her i kommunen. Hans lange tid i Vest-Telemark, og det store innsamlingsarbeidet hans av folkeminne har nok også sett sitt preg på salmediktinga hans.

Koronaepidemien førte til at den planlagte salmekvelden i Flatdal kyrkje måtte utsetjast. No blir denne tatt opp att i samband med bispevisitasen i november.

Det vil bli eit program med mykje song og musikk. Torunn Raftevold Rue vil spele hardingfele, og vår nye kantor Natalia Furmanova skal spele fleire stykke på orgel. Men ikkje minst vil me synge mange av

Landstad sine salmar saman. Kyrkjelydane i Seljord kommune er kjent for gode songkrefter, og me håpar at songen av desse kjære salmane våre kan lyde fyldig og sterkt i Flatdal denne kvelden.

Det vil også bli fortalt litt om Landstad som salmediktar, og om arbeidet hans med å få gitt ut salmeboka.

Biskop Stein Reinertsen vil halde ein andakt denne kvelden.

Me ynskjer så mange som råd velkomne til kyrkja, men må dverre innsjå at det er mindre plass enn elles på grunn av korona. Møt opp i god tid, så blir du registrert, sprita og tilvist plass i Flatdal kyrkje!

BLT

Joleskikkar ved Ørnulf Hodne på Seljord misjonshus

- torsdag 10.des, kl.18.00

Me har vore så heldige å få nestoren innan folkeminne, Ørnulf Hodne til å halde eit foredrag om norske joleskikkar slik me finn dei mellom anna hos Magnus Brostrup Landstad. Hodne har skrive omfattande og grundige innleiingar og kommentarar til dei fire første binda av Landstad sine skrifter. Desse omfattar segner, skikkar og folkeviser.

Denne torsdagskvelden vil me få ei innføring i korleis våre forfedre førebudde seg til jol, og korleis sjølve feiringa av høgtida gjekk føre seg.

Også på dette arrangementet tek me omsyn til smittevernet ved at stolane står med ein meters mellomrom, det er handsprit tilgjengeleg og det blir ført namnelister over dei som er til stades.

Me ynskjer velkommen til ein spanande og interessant kveld på Seljord misjonshus!

BLT

Slekters gang

Døypte:

Seljord:

Torjuus Dubrefjord Moen
Ola Moen Berge

Flatdal:

Ragnhild Sollund Eikland (på Natadal)
Sigmund Abrahamsen Kleiv

Åmotsdal:

Halvor Eidal

Døde:

Seljord:

Helmer Ivar Noorolf Mellingen
Alfhild Gullbekk
Gro Haugan
Pål Tøfte
Anne Torhild Aarhus
Tone Gudny Vala
Astrid (Vesla) Flatland

Flatdal:

Ørjan Dyrland
Synnøve Grøstad
Berger Trahaug
Anlaug Storteig
Stein Magnus Pedersen

Åmotsdal:

Asborg Rønjom
Åse Marie Kåsene
Torstein J. Groven
John Selstad
Jan Øyvind Kultan
Torleiv Listaul
Anne Sigrun Kultan

Føremiddagstreff på Seljord misjonshus

I fleire år har soknerådet i Seljord bede inn til føremiddagstreff på Misjonshuset den siste fredagen i månaden. Denne hausten tek me ikkje sjansen på å ha slike treff. Det er koronaepidemien og det usikre rundt smittesituasjonen som gjer at me ikkje vil ha desse samlingane no. Me avventar situasjonen, og håpar me kan ta opp att dette tilbodet i 2021.

Tysdagsklubb

Som så mykje anna i samfunnet vårt, måtte også Tysdagsklubben stenge etter 12.mars. Fyrst no i haust kunne me opne denne aktiviteten att. Den 1.september møttest me etter sju månader. Me tek sikte på å ha samling ein gong i månaden framover. Programmet er som før: eit varmt måltid til ungar og vaksne, så bibelforteljing, leik og song, og ein hobbyaktivitet.

Det kostar 50 kr pr barn å vera med på Tysdags-klubben i eitt år.

Nytt i år er at Natalia er med på Tysdagsklubben. Ho lærer oss songar og leikar saman med oss. No driv me og øver på songar me skal synge når biskopen kjem tysdag 17.november. Då skal han vera i lag med oss på Misjonshuset den tida Tysdagsklubben varer.

Me tek smittevernet på alvor, og ynskjer både ungar og vaksne velkommen til Tysdagsklubb. Dataane og klokkeslett ser du på eiga side her i bladet. Me har også eigen Facebookside der de blir minna om neste samling for klubben vår.

BLT



Eit tilbod til familiar med barn i barnehage- og skulealder. Felles måltid med mat til barn og foreldre, samling for barna med aktivitetar, leik, Bibelforteljing og song.

Hausten 2020

Tysdag 01.09
Tysdag 13.10
Tysdag 17.11
Tysdag 08.11

Kl. 16.30 – 18 på Misjonshuset
(like ved Ungdomsskulen)

Gudstenester

20. søn i treeining

- 18. oktober, Seljord kyrkje kl 11:00
Offer: TV-aksjonen.

Bots- og bønnedag

- 25. oktober, Åmotsdal kyrkje kl 11:00. Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Helgemessesøndag

- 01. november, Seljord kyrkje kl 19:00. Minnegudsteneste.

23. søn i treeining

- 08. november, Flatdal kyrkje kl 11:00. Offer: Kirkens Bymisjon Telemark

24. søn i treeining

- 15. november, Seljord kyrkje kl 11:00. Offer: Kirkens Bymisjon Telemark

Domssøndag/Kristi kongedag

- 22. november
Seljord kyrkje, kl 11:00
Visitas gudteneste

1. søn i advent

- 29. november, Flatdal kyrkje kl 11:00. Offer: Barnearbeidet
Åmotsdal kyrkje kl 17:00.
Ljosmesse. Offer: Barnearbeidet

2. søn i advent

- 06. desember, Seljord kyrkje kl 11:00. Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3. søn i advent

- 13. desember, Nes bedehus kl 11:00. Offer: Nes bedehus

4. søn i advent

- 20. desember, Nutheim kapell kl 11:00. Offer: Ungdomsarbeidet

Joleftan

- 24. desember
Flatdal kyrkje kl 15:00
Seljord kyrkje kl 15:00
Seljord kyrkje kl 16:00
Offer: Kirkens Nødhjelp

Joledag

- 25. desember, Høgtidsmesse
Seljord kyrkje 12:00
Offer: Misjonsprosjektet NMS

4. joledag

- 28. desember. Åmotsdal kyrkje kl 17:00. Offer: Kyrkjelydsarbeidet
Jolefest etter messa

Nyårseftan

- 31. desember, Seljord kyrkje kl. 16:00. Offer: Kirkens SOS i Telemark

Kristi openberringsdag

- 03. januar, Manndal kapell kl 17:00.

2. s. i openberringstida

- 10. januar, Seljord kyrkje kl. 11:00.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

3. s. i openberringstida

- 17. januar, Flatdal kyrkje kl 11:00.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

4. s. i openberringstida

- 24. januar. Åmotsdal kyrkje 11:00.
Offer: Misjonsprosjektet NMS

Såmannssøndag

- 31. januar, Seljord kyrkje kl. 11:00.
Offer: Bibelselskapet

Kristi forklaringsdag

- 07. februar, Flatdal kyrkje kl 11:00.
Offer: Misjonshuset

Taraldsmesse

- 12. februar, Seljord kyrkje kl 19:00.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

Fastelavnssøndag

- 14. februar, Åmotsdal kyrkje kl 11:00. Offer: Diakoniarbeidet

1.søndag i fastetida

- 21. februar, Flatdal kyrkje kl 11:00.
Offer: Diakoniarbeidet

2.søndag i fastetida

- 28. februar
Inga messe i soknet - vinterferie

3.søndag i fastetida

- 07. mars, Seljord kyrkje kl 11:00.
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

4.søndag i fastetida

- 14. mars, Flatdal kyrkje kl 11:00.
Offer: Menighetsfakultetet

Maria bodskapsdag

- 21. mars, Fjellmesse Kjos i
Åmotsdal 12:00 Offer: Helg & Høgtid

Palmesøndag

- 28. mars, Flatdal kyrkje kl. 11:00
Offer: Misjonsprosjektet NMS

Skjærtorsdag

- 01. april, Nutheim kapell kl 19:00.
Offer: Ungdomsarbeidet

Langfredag

- 02. april
Manndal kapell kl. 11:00
Seljord kyrkje kl. 19:00
Offer: Kirkens SOS i Telemark

Påskedag – 04. april

Høgtidsmesse Seljord kyrkje 11:00
Gudsteneste Svartdal kapell 15:00
Offer: Misjonsprosjektet NMS

Endringar kan koma

Seljord kyrkje

Flatdal kyrkje

Åmotsdal kyrkje

Manndal kapell

